



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/37938
Saksbehandlar: Sunniva Djupedal
Dato: 13.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/110	Stad formannskap	03.09.2026
26/116	Stad kommunestyre	10.09.2026

Varsel om oppstart, revidert kommunikasjonsstrategi

Bakgrunn for saka:

I «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038» vedteke av Stad kommunestyre 18. juni 2026 (sak 26/072) er **Kommunikasjon og informasjon** løfta fram som eit sentralt tema for å oppfylle målet om *at folk i Stad kommune forstår, har tillit til og engasjerer seg i kommunen*. Denne saka er ei oppfølging av fleire prioriterte satsingar i kommuneplanen sin samfunnsdel, og markerer oppstart av arbeid med revidert kommunikasjonsstrategi.

Den eksisterande kommunikasjonsstrategien var gjeldande frå 2021-2025. Arbeidet vil ta utgangspunkt i eksisterande kommunikasjonsstrategi, men vil bli revidert sett i lys av følgjande føringar og endringar sidan 2021:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038
- Nye og oppdaterte verktøy, krav og retningslinjer i kommunikasjonsfagleg arbeid
- Oppdaterte kommunikasjonsbehov knytt til sentrale utviklingsprosjekt i kommunen og regionen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre tek saka til vitande.

Vedlegg i saka:

27.08.2026 Kommunikasjonsstrategi Stad kommune 2021-2025 1877146

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/110 Vedtak:

Stad kommunestyre tek saka til vitande.

Saksopplysningar:

Informasjon og kommunikasjon ei lovpålagd oppgåve

Det er lovpliktig for kommunane å drive aktiv informasjons- og kommunikasjonsverksemd om si eiga verksemd. Kravet er heimla i ny kommunelov § 4-1. Lova seier ikkje nøyaktig kva kanalar kommunen skal bruke eller kor omfattande arbeidet skal vere. Dette ligg til kommunen sitt frie skjøn. Men lovgjevar legg til grunn at det er eit brot på lova dersom ein let vere å informere eller kuttar informasjonsarbeidet ned til eit absolutt minimum.

Kvifor er god kommunikasjon i kommunen viktig?

God kommunikasjon gir gevinst på fleire områder. Førseieleg og forståeleg informasjon aukar tillit og bidreg til tryggleik. Tydeleg og presis kommunikasjon er meir effektivt og sparar ressursar. Klar språk og universell utforming bidreg til brukarvenlege tenester. Medverknad og opplysning styrkar lokaldemokratiet.

Lokalpolitiske føringar for arbeidet

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det løfta fram 5 satsingsområde som viser kommunestyret sine overordna prioriteringar knytt til organisasjonsstyring og samfunnsplanlegging. Kommunikasjon er eit sentralt verkemiddel i oppfølginga av kommunen sine satsingsområde:

Ein berekraftig organisasjon:

- Stad kommune skal ha ei forsvarleg og effektiv tenesteyting der drifta er tilpassa dei rammene som kommunen har tilgjengeleg. God kommunikasjon gir meir effektive arbeidsprosessar og er ressursparande. Digitalisering står sentralt i møte med framtidige utfordringar og moglegheiter i kommunen. Gjennom bruk av velferdsteknologi, kunstig intelligens (KI) og andre digitale løysingar kan kommunen utvikle meir effektive, tilgjengelege og brukarvenlege tenester. I dette arbeidet er det avgjerande at kommunen å ha eit bevisst forhold til kommunikasjonsfaglege retningslinjer knytt til bruk av kunstig intelligens, og designfaglege prinsipp knytt til brukarvenlege løysingar.

Aldersvennlege og inkluderande samfunn:

- Stad kommune skal ha ei inkluderande stadutvikling der innbyggjarar i alle aldrar opplever god livskvalitet i kvardagen. *Kvardagsglede* og god livskvalitet handlar mellom anna om å oppleve tryggleik, fellesskap, utvikling og moglegheit til å påverke uavhengig av føresetnader. Ein revidert kommunikasjonsstrategi vil bidra til å oppfylle krav til medverknad, klar språk og universell utforming for å sikre at informasjon og kommunikasjon er tilgjengeleg for alle.

Livskraftige og trygge lokalsamfunn:

- Stad kommune skal vere ein trygg og attraktiv plass å bu, besøke og drive næring. Sentralt i dette står fokus på *nærings- og reiselivsutvikling*, der omdømmebygging og formidling av kommunen sine kvalitetar og stadidentitet vert særleg viktig. Med auka fokus på *beredskap og samfunnstryggleik*, vil ein gjennom arbeidet med kommunikasjonsstrategien også sjå på kommunikasjon knytt til kriseberedskap.

Tverrfagleg samarbeid og lokaldemokrati:

- Det er eit mål at folk i Stad kommune forstår, har tillit til og engasjerer seg i kommunen sin. Dei sentrale tema *lokaldemokrati og kommunikasjon og informasjon* er peika ut som særleg viktig for å nå denne målsettinga. Ein revidert kommunikasjonsstrategi vil bidra til at kommunen har ein kommunikasjon som er lett å forstå og inviterer til dialog og medverknad.

Prosessten vidare

Førebels framlegg til prosess for det vidare arbeidet ser slik ut:

Politisk møterunde september

- Oppstartssak framlagt Stad formannskap 3. september og Stad kommunestyre 10. september.

Politisk møterunde oktober:

- Evaluering av dagens kommunikasjonsstrategi. Innhenting av innspel frå administrasjon og politikk.

Politisk møterunde november-desember:

- Vedtakssak om revidert kommunikasjonsstrategi.

Lovkrav

Kommunikasjonsstrategien skal bidra til å oppfylle ulike lovkrav, mellom anna:

- **Kommunelova** § 4 seier at «Kommuner og fylkeskommuner skal aktivt informere om egen virksomhet og om virksomhet som andre rettssubjekter utfører på vegne av kommuner og fylkeskommuner. De skal også legge til rette for at alle kan få tilgang til slik informasjon».
- **Offentleglova** har som formål å legge til rette for at offentlege verksemder er opne og gjennomsiiktig, for å på denne måte styrke informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.
- **Lov om språk (språklova)** seier at «offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa».
- **Forvaltningslova** inneheld lovreglar som gjeld ved all sakshandsaming i statlege og kommunale organ.

- **Plan- og bygningslova** stiller krav til medverknad i planleggingen, med «eit særleg ansvar for å sikre medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, born og unge».
- **Likestillings- og diskrimineringslova** stiller krav om universell utforming og individuell tilrettelegging, også for informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
- **EUs webdirektiv (WAD)** inneheld krav om universell utforming av offentlege nettstader og mobilapplikasjonar
- **Arbeidsmiljølova og hovudavtalen** har føresegner for korleis partane i arbeidslivet skal informere kvarandre.
- **Personopplysningslova** omhandlar handsaming av personopplysningar og sensitive personopplysningar i offentlig verksemd.
- **Åndsverklova** har føresegner for korleis åndsverk, herunder foto og film, kan nyttast.
- **Arkivlova** skal bidra til ei forsvarleg og etterretteleg offentlig forvaltning ved at «dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg, for å kunne føre kontroll med forvaltninga, styrkje rettstryggleiken og fremje ein open og opplyst offentlig samtale».
- **Staten sin kommunikasjonspolitik** er ikkje bindande for kommunane, men vert anbefalt å bruke.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Arbeidet med strategien vert gjennomført med interne administrative ressursar, og vil ikkje medføre økonomiske utgifter utover det.